



Dette kunstverket prydar plakaten, ein monotypi.

I dag kl. 12 opnar Aud Sørheim Myklebust utstilling på Lagunen Storsenter. Utstillinga syner det store mangfaldet som særkjenner Aud sitt arbeid. Med over 100 kunstverk finn du biletvev, maleri og monotypi. Mange av tekstilproduktta er laga på veven i Fløyen, arbeidshytta hennar i Uskedalen. Fleire av bileta har motiv frå Ulvanoso. Utstillinga er open på Lagunen fram til 23. februar.

Aud Sørheim Myklebust (f. 1935) er fødd og vaks opp i Fana. Mannen er Arne Myklebust frå bruk nr.1 på Myklebust, der dei har hatt sin faste feirebustad i alle år. Aud og Arne bur på Nordås, i ein stor og vakker villa ned til Nordåsvatnet.

Aud er ein allsidig kunstnar, med ein rik produksjon av biletvev, akvarell, trykk, maleri og monotypi. Ho skriv dikt og har publisert fleire diktsamlingar. Som kunstnar debuterte ho med sin fyrste utstilling alt i 1978. Mange av kunstverka hennar er kjøpt inn og vert brukt som utsmykking i kyrkjer, bårehus og i bedehus. Biletveven Jeg er verdens lys heng i bårehuset i Uskedalen.

Aud Sørheim Myklebust er syskenbarn til Øyvind Sørheim. Sørheim er eigaren av Lagunen Storsenter saman med Olav Thon. Det er noko av bakgrunnen for at utstillinga er å finna i Lagunen. I 2018 kom kunstboka Skaperglede som medisin, om Auds livsvandring i 60 år.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Frå utstillingsplakat/ Kristian Bringedal



Aud Sørheim Myklebust er forfattar og ein allsidig kunstnar. Sin fyrste utstilling hadde ho så tidleg som i 1978.